



Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2256 - 20/3900

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
24.01.2020

Oversender søknad om dispensasjon i frå LNF-føremålet til utfale - gbnr 104/36 Haukås (Lindås)


Tiltak: søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet
Byggjestad: Gbnr: 104/36
Tiltakshavar: Torfinn Bakken
Ansvarleg Byggmester Ådnekvam
søklar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.
Det søkjast dispensasjon for etablering av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på om lag 40 m². Det går fram av søknad at BYA er rekna til om lag 16 %, parkering og terrasse er ikkje rekna med i BYA.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel er definert som LNF-område. Det er ikkje fastsatt grad av utnytting innafor LNF-områda i plana, vi syner til retningslinje 4.6 i plana:
«Det kan gjevast dispensasjon for mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a og tilleggsareal inntil 200 m² på eksisterande bustadeigedomar når samla utbygging er innafor grensene fastsett under, tiltaket ikkje er til vesentleg ulempe for omsyna bak LNF-føremålet og føremonene elles er klart større enn ulempene. Bygd areal (BYA) bør ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus bør ikkje oversige 400 m². Etter utbygging bør det vere att eit minste

uteopphaldsareal (MUA) på 200 m² per buening. Maksimal gesimshøgde bør ikkje overstige 6,0 m og maksimal mønehøgde 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng.»



VURDERING

Dispensasjon

Det går fram av søknad at tiltaket ligg innafør de omsyn som skildra i retningslinje 4.6. Vidare syner vi til at dette gjeld for ei etablert fritidsbustad og er eit mindre tiltak. Førrebel's vurdering er at dette er noko kommunen kan opne opp for, men vi ber om ei eventuell uttale før vi handsamar søknaden.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg B-1 Søknad for Gbnr 104/36
Søknad om dispensasjon - gbnr 104/36 Haukås
Vedlegg D-1 Kart
Vedlegg E-1 fasade tegning
Vedlegg E-2 Plan og snitt tegning

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland
Vestland fylkeskommune

Statens hus 6863
Postboks 7900 5020

LEIKANGER
BERGEN